



Fylkesmannen i Sogn og Fjordane

Sakshandsamar: Merete Larsmon
Telefon: 57643082
E-post: fmsfmla@fylkesmannen.no

Vår dato
14.03.2018
Dykkar dato

Vår referanse
2018/1065- 531.1
Dykkar referanse

Til
Kommunane i Sogn og Fjordane
Postboks 294
6701 Måløy

Rammeløyvingar Nærings- og miljøtiltak i skogbruket 2018

Rammeløyvingar med føringar til kommunane i Sogn og Fjordane

Vi viser til brev frå LMD dagsett 04.01.2018 *Belastningsfullmakt for 2018 - forvaltning av landbruks- og reindriftspolitiske virkemidler*. Vi blir tilført 1 500 000 kr. Vi beheld ein rest på 317 271 kr frå 2017 og har med det 1 817 271 kr til skogkultur i 2018.

Følgjande føringar gjeld for midlar øyremerkte skogkultur: Midlar som blir forvalta av kommunane skal prioriterast ut frå tiltaksstrategiar i kommunane. Grunna auka hogst er det framleis aukande trong for skogkultur. Fylkesmannen må syte for at kommunane sine tiltaksstrategiar tar høgde for relativt knappe tilskotsressursar gjennom nøye prioritering av tilskotsatsar og tiltak. Skogfond kan nyttast som supplerande/alternativ finansieringskjelde.

I tildelings- og oppdragsbrevet til Fylkesmannen for 2018 går det fram at forynging etter hogst og kontroll av foryngingsplikta er ei svært viktig oppgåve, og at vi skal følgje opp kommunane på dette. Minimum 10% av all forynging skal kontrollerast. Kontrollresultata må følgjast opp med skogeigar i form av naudsynt nyplanting eller suppleringsplanting. Fylkesmannen vil kople kontroll og oppfølging med tilskotstildelinga slik at kommunar som følgjer dette opp på ein god måte, kan rekne med auka tilskotsrammer. Kommunar som ikkje følgjer opp kontrollarbeidet må rekne med redusert tildeling av skogbruksmidlar.

Landbruksdirektoratet innfører ei ny registreringsløyving i ØKS for resultat frå kontroll av utbetaling kommunale NMSK-tilskot og refusjon frå skogfond. Fylkesmannen skal følge opp at alle kommunar nyttar denne løyvinga ved gjennomføring av årets kontroller.

Skogkulturmidlar til fordeling i kommunane

Årets midlar vert fortdelt etter ein dialog med kommunane og skal bidra til å auke intensitet og rettleiing for å auke interessa hos gardbrukar/skogeigar for langsiktige investeringar i ny skog. Det er kommunane sjølve som fastset nivået på tilskotet til skogkultur. Vi tilrår opptil 50% ordinært tilskot utifrå knappe midlar og tilgang på skogfond etter avverking. Vi ber om at kommunane tilviser skogkulturtilskot fortløpande. Det vil gi oss betre oversikt tidlegare og med det større moglegheit for eventuell tilleggsøyving.

NMSK-forskrifta opnar også for at kommunane kan gi tilskot til førstegongstynning, miljøtiltak og prosjekt som er viktige for å utvikle skogbruket i ein kommune eller region, når tiltaket eller prosjektet ikkje vert omfatta av andre etablerte tilskotsordningar i landbruket. Aktuelle tiltak kan til dømes vere prosjekt som har som mål å auke aktiviteten og ressursutnyttinga i og frå skogen. Med utgangspunkt i årets løyving ber vi kommunane om å prioritere tradisjonell forynging.

Tildelingsbrevet frå Landbruks- og matdepartementet, ber oss setje fokus på pliktig forynging etter hogst. Vi ser at gapet mellom hogd areal og foryngt areal vert stadig større. Som tidlegare praktisert,

ber vi om ei tilbakemelding frå kommunane innan 1. august for å kunne gjere fornuftige omdisponeringar og eventuelt be om tilleggsløyvingar for andre halvår.

Tilskot til tettare planting og suppleringsplanting vert vidareført.

Ordninga med tilskot til tettare planting vart innført i 2016. I statsbudsjettet for 2018 er det no løyvd ca 33 mill kr til tettare planting, inkludert suppleringsplanting og gjødsling som klimatiltak. Satsar og vilkår for tilskot til tettare planting i 2018 blir som i fjor. Det vil seie at det ved nyplanting vert gitt 80 % tilskot til skogeigar for inntil 50 planter/daa som vert planta utover et fastsett, bonitetsavhengig minimumstal.

Suppleringsplanting – særskild viktig

Stikkprøver og ikkje minst resultatkontrollen viser at det er stor og varierende avgang i unge plantefelt slik at suppleringsplanting er minst like viktig som å plante tett i utgangspunktet. Det vil være eit godt klimatiltak å etablere tettare planting i foryngingsfelt der tettleiken er for låg. Her er det viktig at produksjonsmoglegheitene nyttast betre. Hugs på dette i samband med foryngingskontrollen.

Det vert gitt 60 prosent tilskot til suppleringsplanting av inntil 50 planter/daa, med eit krav om at plantetalet etter suppleringsplanting oppfyller det fastsette minimumstalet pr. daa ved tettare nyplanting, if retninglinjene, sjå retningliner, miljøomsyn og søknadsprosedyre hos Landbruksdirektoratet.

Søknad og fristar for ekstra tilskot til tettare planting og suppleringsplanting

Søknad skal registrerast så snart som mogleg etter at tiltaket er avslutta og faktura er mottatt. Kostnader for plantekjøp og utplantingsarbeid registrerast samla i eitt tiltak, og det er høvesvis tiltaka «Nyplanting» og «Suppleringsplanting» som skal nyttast. Frist for skogeigar til å levere refusjonskrav og søknad om tilskot til kommunen er 1. august for vårplanting og 7. november for haustplanting. Dersom disponibel totalramme blir for lita til å dekke registrerte tilskotssøknader ved siste søknadsomgang, kan tilskotet bli avkorta.

Tilskot til gjødsling av skog som klimatiltak

Det er også opna for tilskot til gjødsling som klimatiltak. Dette krev større planlegging og samordning over eigedomsgrenser. Ved vidare spørsmål omkring gjødsling ber vi dykk ta kontakt med landbruksavdelinga hos Fylkesmannen.

Prosjektmidlar øyremerkt motivasjonstiltak – søknadsfrist 10. april

For å gi noko meir handlingrom for oppsøkjande verksemd i samband med foryngingsplikt utlyser vi 400 000 kr frå årets skogkulturløyvingar til motivasjonstiltak slik vi ein periode tidlegare har praktisert. Vilkåra for å søke slike motivasjonsmidlar er relativt enkle. Vi vil prioritere samarbeidsprosjekt mellom organisasjon/kommune.

Følgjande kriterier vert lagt til grunn:

Konkret mål for prosjektet i form av skogeigarkontakter, arrangement, plantetal og areal, gjerne i tråd med eksisterande tiltaksstrategiar.

Enkel plan for gjennomføring i form av samarbeidspartner (t.d. skogeigarorganisasjon, skogselskap eller kommune), tal skog dagar, skogkveldar, type kurs og rettleiingsgrupper, andre kreative tiltak.

Med søknad må følgje eit budsjett.

Fristen for å søke på motivasjonsmidlar med aktivitetsauke som hovudmål, er 10. april 2018. Vi ber dykk også tenke samarbeid over kommunegrensene!

Nokre presiseringar

Produksjon av gran i Sogn og Fjordane skjer primært tynningsfritt der ein føreset ei sein avstandsregulering ned til 120 -140 tre per dekar med ei trehøgde på 4-6 meter. Villkår for tilskot er at det vert nytta plantemateriale med opphav Harz 7 under 300 meter over havet og materiale med opphav Kaupanger over 300 meter over havet. Rettleiande plantetal er frå 150 til 250 planter per dekar alt etter vekstvilkår og planlagde skjøtselstiltak, jamfør Forskrift om berekraftig skogbruk gjeldande frå 01.07.2006.

Furu bør i hovudsak foryngast naturleg og ved hjelp av markriving, men også ved planting. Plantemateriale av furu skal vere basert på lokalt frø innafor same høgdelag og sankesone, men furu kan ved gunstige lokalklimatiske tilhøve flyttast inntil to høgdelag nedover. For sesongen 2018 er det knapt med furuplanter for lågare strom. Her ber vi om at ein held god kontakt med planteaktørane (skogbruksleiarane) i skogeigarorganisasjonane og nyttar høve til å auke også furuforyninga. Forynging/planting av lauvtre skjer etter spesifikke retningsliner gitt for dei ulike treslaga. Fylkesmannen tilbyr kompetansekurs i lauvtrestell (kvalitetsproduksjon) også i 2018. Kurset vert annonsert og lagt ut på heimesida til Fylkesmannen.

Miljøomsyn ved skogplanting

Skog i god vekst er positivt med omsyn til karbonbinding, men det er også viktig at vi tek omsyn til andre miljøinteresser og friluftsliv. Vi viser til rapporten *Berekraftig skogbruk i Sogn og Fjordane, Verdskapsplanen for landbruket i Sogn og Fjordane* og til notat om *Arealforvaltning og klimatiltak i Sogn og Fjordane*.

Dette betyr kort sagt at planting av gran skal styrast inn på vegetasjonstypar som blåbær og småbregnemark. Det betyr vidare at vi skal styre plantinga inn mot eigna eksisterande hogstareal (jamfør foryngingsplikta) og relevante attgroingsareal.

Vi skal styre unna planting på nye areal med sterk interessekonflikt og i samsvar med føringane i rapporten: «Berekraftig skogbruk i Sogn og Fjordane» der det mellom anna står at det ikkje skal gis tilskot til areal:

- som ligg i Landskapsregion 20 Kystbygdene på Vestlandet
- verdfulle kulturlandskap
- med lokalt og regionalt viktige friluftsområde.

Robuste skogar

Ved nyetablering av skog er det viktig å legge til rette for stormsterke kantar mot herskande vindretning. Dette kan gjerast ved å plante eit belte med større avstand (3X3 meter) og/eller blande inn treslag med kraftigare rotsystem.

Rammetilskot skogkultur for kommunane i Sogn og Fjordane 2018

Tabellen på siste side syner fordelinga per kommune. Alt etter aktivitetsnivå og innrapportert forbruk, kan det bli korrigeringar ut på hausten. Det vil i så fall skje etter kontakt med kommunane.

Med helsing

Christian Rekkedal
landbruksdirektør

Merete Larsmon
fylkesskogmeister

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ikkje underskrift.

Rammeløyving 2018

FLORA	5000
GULEN	15 000
SOLUND	5000
HYLLESTAD	30000
HØYANGER	30000
VIK	130000
BALESTRAND	120 000
LEIKANGER	40000
SOGNDAL	50000
AURLAND	0
LÆRDAL	10000
ÅRDAL	0
LUSTER	50000
ASKVOLL	10000
FJALER	30 000
GAULAR	50000
JØLSTER	90 000
FØRDE	90000
NAUSTDAL	90 000
BREMANGER	30000
VÅGSØY	5 000
SELJE	5000
EID	240 000
HORNINDAL	10 000
GLOPPEN	124000
STRYN	130000
Til omfordeling/motivasjon	428271
SUM	1847271